

BUDSJETT 2024

Verbale føringar

Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake med saker på ulike tema knytt opp til budsjettet. Kommunestyret vil og knyta nokre presiseringar til det som ligg inne i budsjettet.

Saker:

- Sak til Utval for oppvekst og omsorg om kor stor stillinga som kommuneoverlege i Fitjar bør vera, kapasiteten når det gjeld fastlegeordninga, tilgang på tenlege lokaler og økonomiske konsekvensar ved endringar.
- Sak til Utval for oppvekst og omsorg om kva tiltak som kan vera aktuelle for å løysa aktuelle utfordringar med skule/arbeidsmiljø på Rimbareid skule.
- Sak til Utval for oppvekst og omsorg med orientering om korleis ordninga med vikarpool fungerer for å auka talet på heiltidstillingar og god tilgang på kompetente vikarar i pleie- og omsorgstenestene samt oppfølging av tiltak mot sjukefråver.
- Sak til Utval for oppvekst og omsorg med utgreiing på korleis ei ordning med eit kommunalt fritidskort kan etablerast i Fitjar, herunder økonomiske, administrative og praktiske løysingar
- Sak til Utval for oppvekst og omsorg med kartlegging av behov og utgreiing om tilbod til avlastningsbolig for ungdomar under 18 år.

Presiseringar til budsjettet:

- Kommunestyret legg opp til at tiltaka og prioriteringane som gjeld utbygging og drift av vassverket og avlaupsanlegga skal følgja den gjeldande hovudplanen som er vedteken i kommunestyret. Dersom det er aktuelt med nye tiltak og andre prioriteringar må planen først rullerast.